



GOL KOMMUNE

Arkivsaksnr.: 2024/255-1
Saksbehandler: Svein Eide

Lokal forskrift i Gol kommune om gebyr for gjennomføring av feiing og tilsyn av fyringsanlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
	Utval for natur og næring	
	Kommunestyret	

Innstilling frå kommunedirektøren

Lokal forskrift om gebyr for gjennomføring av feiing og tilsyn med fyringsanlegg i Gol kommune blir vedtatt med heimel i Brann og eksplosjonsvernlova LOV-2002-06-14-20 § 28. Forskrifta gjeld frå 01.04.24

Lokal forskrift i Gol kommune- FOR-2022-10-11-1933 om gebyr for gjennomføring av feiing og tilsyn av fyringsanlegg blir oppheva frå same dato.

Saksdokument

- 1 Rettleiing frå DSB- lokale gebyrforskrifter om feiing og tilsyn med fyringsanlegg
- 2 HBR iks – sak 015/2023
- 3 Gjeldande gebyrforskrift om feiing og tilsyn med fyringsanlegg frå 2022
- 4 Høyringsbrev gebyrforskrift- desember 2023
- 5 Høyringsforslag- lokal forskrift om gebyr for gjennomføring av feiing og tilsyn av fyringsanlegg- desember 23
- 6 Merknad til høyringsforslag frå Per Helge Myklebust datert 15.01.24
- 7 HBR iks- vurdering av merknad frå høyringsrunda
- 8 Forslag til ny lokal forskrift om gebyr for gjennomføring av feiing og tilsyn av fyringsanlegg (etter høyring)

Vedlegg

Saksdokument nr. 2-8

Saksopplysningar

Hallingdal brann- og redningsteneste IKS (HBR) fremjar forslag til endringar i lokal forskrift- gebyr for gjennomføring av feiing og tilsyn av fyringsanlegg. Forslaget legg opp til likelydande forskrift for kommunane som har tenesta delegert til HBR, dvs. Flå, Nesbyen, Gol, Hemsedal og Ål.

HBR har i sak 015/32023 og høyringsbrevet gjort greie for forslaget. Det blir i sin heilheit vist til saksdokument 2 og 4.

Forslaget går ut på å endre faktureringa av feiing og tilsyn, frå fakturering av konkrete utførte tenester til at alle eigarar av fyringsanlegg i kommunane får **årleg faktura** på gebyr for feiing og tilsyn. Eigarar av fyringsanlegg vil med denne forskriftsendring i sum betale tilsvarande som gjeldene forskrift, men vil få beløpet fordelt på år som fastsett frekvens (1. til 8. år), i staden for å betale heile beløpet med ein gang. Det vil ikkje føre til endring for dei med årleg frekvens.

Forslag til forskriftsendring har vore ute på høyring og det har kome inn ein merknad. HBR har vurdert merknaden, og det blir i sin heilheit vist til saksdokument 6. Forskriftsteksten er endra på ein del punkt i tråd med merknad.

Økonomiske konsekvensar

Ingen økonomisk konsekvens for kommunen. Tenesta er basert på regelverket for sjølvkost.

Vurdering

Det blir i sin heilheit vist til HBR sak 015/2023 og høyringsdokument, saksdokument 2 og 4, og spesielt det som omhandlar utfordringane med noverande fakturering. Tenesta vil bli utført som i dag, men med ei meir føreseieleg inntekt og finansiering av tenesta.

Endringane fører til at det blir vedtatt ny forskrift og eksisterande forskrift blir oppheva. Vedtak om forskrift må fattast før vedtak om gebyrregulativ med gebyrsatsar blir behandla i kommunestyret.